

Evalueringsskriterium	Vurderingselement Poengskala 1-5	Vekting 2022 (prioritering mellom evalueringskriterium)
Betring av breibandstilbod. Aksessar (hustandar og bedrifter) i søknaden med dekning mellom 0 – 30 Mbit/s som får auka hastigheit	<p>Nye aksessar som var mellom 0 og 30 Mbit/s som får auka kapasitet:</p> <p>1 poeng = 0-24  2 poeng = 25-74  3 poeng = 75-99  4 poeng = 100-149  5 poeng = over 150</p>	45 %
Kostnadseffektiv nettutbygging i det enkelte prosjekt	<p>Best moglege utnytting av tilgjengelege midlar, dvs. søkt støtte frå fylkeskommunen pr. aksess. (Vurdering basert på erfaringstal frå tidlegare år):</p> <p>1 poeng = over 40 000,-  2 poeng = 30 000 – 39 900,-  3 poeng = 25 000-29 999,-  4 poeng = 20 000-24 999,-  5 poeng = under 20 000,-</p>	20 %
Lokal medfinansiering	<p>Lokal medfinansiering i %. (Vurdering basert på erfaringstal frå tidlegare år).</p> <p>Lokal medfinansiering består av midlar frå kommune, anleggsbidrag utover ordinær etableringskostnad for husstandar (som kommunane garanterer for), andre private bidrag (til dømes frå bedrifter), dugnad. Anleggsbidrag, andre private bidrag og dugnad må vere konkret og spesifisert i søknadane for å bli vurdert.</p> <p>1 poeng = opp til 15%  2 poeng = 15-24%  3 poeng = 25-34%  4 poeng = 35-44%  5 poeng = over 45%</p>	20 %
Effekt på verdiskaping, lokalsamfunnsutvikling og attraktivitet	<p>Punktet skal fange opp prosjekt der utbygging fører til særleg stor forbetring i breibandtilbod, og prosjekt som har stor samfunnseffekt. Dette er ei skjønsvurdering der det blir gitt maksimalt 5 poeng:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Område som har særleg dårleg dekning i dag, eller der nedlegging av koparnett er føreståande</li> </ul>	15%

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Område som har dårleg mobildekning i dag</li> <li>• Bedrifter i adressegrunnlaget som vil få auka verdiskaping som følgje av prosjektet</li> <li>• Effekt for arbeidsplassar, skular, og lokalsamfunn elles</li> <li>• Prosjektet løyser ut andre effektar i samfunnet knytt til beredskap, turisme, hyttefelt etc.</li> </ul>	
--	---	--

I vurderinga må vi ta utgangspunkt i dei opplysningane som er oppgitt i søknadane og føresette at dei er korrekte så langt det let seg gjere. Fylkeskommunen har ikkje høve til å gjere grundige egne undersøkingar.

Kriteria «kostnadseffektiv utbygging», «lokal medfinansiering» og utforming av vurderingselement knytt til kriteriet er basert på erfaringstal frå tidlegare års søknadar og prosjekt.

I utgangspunktet blir midlane tildelt i tråd med kriteria fram til midlane er brukt opp. Det vert opna for at hovudutval for næring i særskilte høve kan gjere skjønnsmessige vurderingar og velje å ikkje tildele midlar til alle prosjekt. Dette kan til dømes gjerast dersom søknadstilfanget ikkje er godt nok, og prosjekt nede på prioriteringslista har ein kostnad per aksess som blir urimeleg høg, eller prosjektsøknadane ikkje er godt nok gjennomarbeidde. Slike saker vert drøfta og grunngevrne i politisk sak.